KONKURRANSEGRUNNLAG

ved anskaffing av

Rammeavtale for transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke, hageavfall og trykkimpregnert trevyrke

2026/007

Open anbodskonkurranse over EØS-terskelverdi (FOA del I og III)

Innhald

1 Innleiing 4
1.1 Om oppdragsgivar 4
1.2 Formål og omfang 4
1.2.1 Delkontraktar 4
1.2.2 Formål og omfang 4
1.2.3 Forbehald om finansiering 5
1.2.4 Kontraktstype og varigheit 5
1.3 Kunngjering av anskaffinga 6
2 Regler for gjennomføring av anskaffinga 6
2.1 Anskaffingsprosedyre 6
2.2 Konkurransedokument 6
2.3 Språk 7
2.4 Framdriftsplan 7
2.5 Tilbodssynfaring 8
2.6 Retting, supplering og/eller endring av konkurransegrunnlaget 8
2.7 Spørsmål angåande anskaffinga 8
2.8 Leverandøren sine kostnader ved deltaking 8
3 Miljø og berekraft 8
3.1 Delkontrakt 1: Transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall 8
3.2 Delkontrakt 2: Transport og handsaming av trykkimpregnert trevyrke 9
4 Skatteattest 9
5 Konfidensialitet og offentlegheit 9
5.1 Teieplikt 9
5.2 Offentlegheit 10
6 Kvalifisering 10
6.1 Krav til tilbydarar 10
6.2 Elektronisk eigenerklæringsskjema (ESPD) 10
6.3 Kvalifikasjonskrav 11
6.3.1 Støtte frå andre føretak 11
6.3.2 Krav til leverandørens registrering, autorisasjon mv. 12
6.3.3 Krav til økonomisk og finansiell stilling 12
6.3.4 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar 13
6.3.5 Krav til kvalitetssikringssystem 13
6.3.6 Krav til miljøleiingssystem 14
7 Tilbodsfasen 14

7.1 Krav til tilbodet 14
7.1.1 Tilbod på heile eller delar av leveransen 14
7.1.2 Alternative tilbod 14
7.1.3 Parallelle tilbod 14
7.1.4 Underleverandørar i gjennomføringa av kontrakten 14
7.1.5 Avvik 15
7.2 Tilbodet si utforming 15
7.3 Leveringsmåte 15
7.4 Tilbakekalling av tilbod 16
7.5 Vedståingsfrist 16
7.6 Avvising 16
8 Avgjerd av konkurransen 16
8.1 Tildelingskriteria 16
8.1.1 Delkontrakt 1: Rammeavtale transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall 16
8.1.2 Delkontrakt 2: Rammeavtale transport og handsaming av trykkimpregnert trevyrke 16
8.2 Evaluering 18
8.2.1 Delkontrakt 1: Rammeavtale transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall 18
8.2.2 Delkontrakt 2: Rammeavtale transport og handsaming av trykkimpregnert 18
9 Avslutning av konkurransen 18
9.1 Melding om val av leverandør og karensperiode 18
9.2 Avlysing av konkurransen 18

1 Innleiing

1.1 Om oppdragsgivar

NGIR Drift AS er eit dotterselskap av Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR). NGIR IKS vart skipa i 1981 og har omkring 100 tilsette. Selskapet er eigd av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. NGIR samlar inn og handsamar avfall frå omlag 15 000 hushald, og 7000 hytter i medlemskommunane. I tillegg administrera selskapet slamtømming og har fem gjenvinningsstasjonar i området. NGIR har høg grad av kjeldesortering hjå innbyggjarane, og arbeidar for avfallsreduksjon til beste for miljø og klima.

NGIR tilbyr avfallsløysingar, rådgjeving og tenester til industri og næringsliv i regionen. NGIR har også eit eige steinuttak, og i Kjevikdalen i Alver kan ein kjøpa stein, sand, pukk og grus. Her er det òg eit deponi for ureina massar.

Administrasjon, gjenvinningsstasjon, deponi og steinuttak ligg i Kjevikdalen.

For ytterlegare informasjon om oppdragsgivar: https://www.ngir.no/.

1.2 Formål og omfang

1.2.1 Delkontraktar

Denne anskaffinga omfattar to delkontraktar:

Delkontrakt 1: Rammeavtale transport og behandling av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall.

Delkontrakt 2: Rammeavtale transport og behandling av trykkimpregnert trevyrke.

Leverandør kan gje tilbod på delkontrakt 1 og/eller delkontrakt 2.

1.2.2 Formål og omfang

NGIR Drift AS har behov for nye rammeavtalar om transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke, hageavfall og trykkimpregnert trevyrke med oppstart 01.10.2026.

Vekter for kva dei forskjellige avfallsfraksjonane utgjorde for 2024 og 2025 finne ein under:

Avfallsfraksjon	Tonnasje 2024	Tonnasje i 2025
Reint trevyrke	322 tonn	262 tonn
Behandla trevyrke	3916 tonn	4759 tonn
Trykkimpregnert trevyrke	871 tonn	752 tonn
Hageavfall	701 tonn	948 tonn

1.2.2.1 Omfang delkontrakt 1: Rammeavtale transport og behandling av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall.

Delkontrakt 1 har ein estimert verdi på 1 250 000 NOK ekskl. mva. per år. Dette er eit grovt anslag som berre er meint for å gi leverandøren ein peikepinn på omfanget, og dette vil kunne avvike i avtaleperioden. Oppdragsgivar er derfor ikkje bunde av estimatet.

Rammeavtalen kan variere i omfang, og det er derfor satt ei øvre grense for avtalen som overstig estimert omfang. Delkontrakt 1 har eit maksimalt øvre tak på 5 250 000 NOK ekskl. mva. for heile avtaleperioden, inkludert opsjonsår.

For ytterlegare informasjon om anskaffinga sitt omfang og innhald vises det til bilag 1 - Kravspesifikasjon – Delkontrakt 1.

1.2.2.2 Omfang delkontrakt 2: Rammeavtale transport og behandling av trykkimpregnert trevyrke

Delkontrakt 2 har ein estimert verdi på 1 500 000 NOK ekskl. mva. per år. Dette er eit grovt anslag som berre er meint for å gi leverandøren ein peikepinn på omfanget, og dette vil kunne avvike i avtaleperioden. Oppdragsgivar er derfor ikkje bunde av estimatet.

Rammeavtalen kan variere i omfang, og det er derfor satt ei øvre grense for avtalen som overstig estimert omfang. Delkontrakt 2 har eit maksimalt øvre tak på 6 300 000 NOK ekskl. mva. for heile avtaleperioden, inkludert opsjonsår.

For ytterlegare informasjon om anskaffinga sitt omfang og innhald vises det til bilag 1 – Kravspesifikasjon – Delkontrakt 2.

1.2.3 Forbehald om finansiering

Det takast atterhald om at det føreligg godkjent finansiering for kjøpet. Ved manglande finansiering reservere oppdragsgivar seg retten til å avlyse konkurransen.

1.2.4 Kontraktstype og varigheit

For oppdraget skal det inngåast rammeavtaler med éin leverandør per delkontrakt. Leverandør kan gje tilbod på delkontrakt 1 og/eller delkontrakt 2. Oppdragsgivar sett ingen avgrensing på antal delkontraktar som kan tildelast til ein leverandør.

Rammeavtalene vil ha ein varigheit på 2 år. Oppdragsgivar skal ha opsjon på forlenging av rammeavtalene i ytterlegare 1+1 år, til saman maksimalt 4 år.

Rammeavtalene vert regulert av Avtalevilkår for rammeavtale om tenestekjøp, samt dei øvrige dokumenta som er lista opp i punkt 2.2 del II.

Oppdragsgivar gjer merksam på at avvik frå avtalevilkåra kan medføre at tilbodet vert avvist frå konkurransen.

1.3 Kunngjering av anskaffinga

Kunngjeringa vert sendt til Doffin og TED på dato oppgitt i punkt 2.4.

2 Regler for gjennomføring av anskaffinga

2.1 Anskaffingsprosedyre

Denne anskaffinga vert gjennomført i medhald av lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA).

Anskaffinga vert gjennomført som ein open anbodskonkurranse etter FOA del I og III. Denne prosedyren gjev alle interesserte leverandørar moglegheit til å levere tilbod.

2.2 Konkurransedokument

Konkurransegrunnlaget består av dette dokumentet, samt vedlegg. Ein fullstendig oversikt over alle konkurransedokument er:

Konkurransegrunnlagets del I:

Nyttast for begge delkontraktar:

- Hovuddokument: Dette dokumentet
- Vedlegg 1: Tilbodsskjema
- Vedlegg 2: Forpliktingserklæring
- Vedlegg 3: Referanseskildringar
- Vedlegg 4: Underleverandørar
- Vedlegg 5: Endringslogg etter avlysing 27.05.2026

Dokumenta ovanfor inneheld prosedyrar og rammar som skildrar korleis anskaffingsprosessen forløpar seg inntil kontraktstildeling, samt skjema og malar til bruk for leverandøren ved utarbeiding av sitt tilbod. Det presiseres at evt. forpliktelseserklæringer, aksepterte avvik og forbehold og/eller underleverandører vil inntas som en del av kontrakten.

Konkurransegrunnlagets del II:

Delkontrakt 1:

- Avtaledokument
- Avtalevilkår for rammeavtale om tenestekjøp
- Bilag 1 delkontrakt 1: Kravspesifikasjon
- Bilag 1 vedlegg 1: Referat synfaring den 13.05.2026
- Bilag 2 delkontrakt 1: Leverandørens løysingsskildring
- Bilag 3: Prisar og betalingsplan
- Bilag 3 vedlegg 1 delkontrakt 1: Prisskjema
- Bilag 4: Endringar i avtalevilkåra etter kontraktsinngåing

Delkontrakt 2:

- Avtaledokument
- Avtalevilkår for rammeavtale om tenestekjøp
- Bilag 1 delkontrakt 2: Kravspesifikasjon
- Bilag 1 vedlegg 1: Referat synfaring den 13.05.2026
- Bilag 2 delkontrakt 2: Leverandørens løysingsskildring
- Bilag 3: Prisar og betalingsplan
- Bilag 3 vedlegg 1 delkontrakt 2: Prisskjema
- Bilag 4: Endringar i avtalevilkåra etter kontraktsinngåing

Dokumenta ovanfor inngår i kontrakten for anskaffinga, og inneheld krav til kontraktsgjenstanden og malar til bruk for leverandøren ved utarbeiding av sitt tilbod. Leverandøren skal basere tilbodet sitt på dei krav og vilkår som kjem fram av disse dokumenta.

2.3 Språk

All skriftleg og munnleg kommunikasjon i samband med denne konkurransen skal vere på norsk. Språkkravet gjeld og sjølve tilbodet.

Dokumentasjon, attestar mv. kan vere på skandinaviske eller engelsk språk.

2.4 Framdriftsplan

Anskaffinga er planlagt gjennomført i samsvar med følgande framdriftsplan:

AKTIVITET	DATO
Kunngjering i Doffin/TED	12.06.2026
Frist for å stille spørsmål til konkurransen	08.07.2026 kl. 12:00
Tilbodsfrist	**15.07.2026 kl. 12:00**
Tilbodsevaluering	Veke 34-35
Kontraktstildeling	Veke 35-36
Karensperiode	10 dagar etter tildeling
Kontraktsignering	Veke 36-37
Vedståingsfrist	**13.10.2026**

Alle tidspunkt etter tilbodsfristen er tentative, forutan vedståingsfristen.

2.5 Tilbodssynfaring

Det vil vere mogleg å kome på synfaring om leverandør ynskjer det.

Tilbydar gjev melding om ynskja synfaring via spørsmål/svar-funksjonen i Mercell, sjå punkt 2.7. Det vil ikkje kome fram anna informasjon på synfaringa enn det som vart informert om og vist fram under synfaring ved fyrste (avlyst) kunngjering. Sjå bilag 1 vedlegg 1 – Referat synfaring den 13.05.2026.

2.6 Retting, supplering og/eller endring av konkurransegrunnlaget

Innan tilbodsfristens utløp har oppdragsgivar rett til å foreta rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget vil bli publisert i Mercell senast seks (6) dagar før tilbodsfristens utløp.

2.7 Spørsmål angåande anskaffinga

Eventuelle spørsmål leverandørane måtte ha til anskaffinga må fremjast innan fristane i punkt 2.4. Spørsmål skal bli stilt gjennom spørsmål/svar-funksjonen i Mercell. Alle spørsmål vil bli svart ut i anonymisert form og gjort tilgjengeleg for leverandørane.

For teknisk support angåande bruk av Mercell bes leverandørane kontakte support hos Mercell; https://support.mercell.com/space/MNS eller på telefon +47 21 01 88 60.

Dersom leverandøren oppdagar feil og/eller uklårskapar i konkurransedokumenta, pliktar leverandøren å informere oppdragsgjevaren om dette gjennom spørsmål- og svarfunksjonen i KGV-systemet så snart som mogleg.

2.8 Leverandøren sine kostnader ved deltaking

Kostnader som leverandøren pådrar seg i forbindelse med utarbeiding, innlevering, eller oppfølging av tilbodet eller anskaffingsprosessen elles, vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikte oppdragsgivar til å inngå kontrakt med leverandøren, eller involvere oppdragsgivar i økonomiske forpliktingar.

3 Miljø og berekraft

Anskaffinga er omfatta av regla i anskaffelsesforskriften § 7-9.

3.1 Delkontrakt 1: Transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall

Oppdragsgivar vurderer at denne anskaffinga sin delkontrakt 1 vil oppnå best klima- og miljøeffekt ved oppstilling av klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen, og har derfor for denne

delkontrakten valt å bruke klima- og miljøkrav framfor tildelingskriterium for å ivareta miljøomsyn jf. forskriftas § 7-9 fjerde ledd.

Det er i vurderinga lagt vekt på kravspesifikasjonen set strenge krav til at minimum 70 % av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall skal gå til ombruk eller materialgjenvinning, og at dette er den desidert viktigaste faktoren ved gjennomføring av kontrakten som påverkar klima og miljø.

For delkontrakt 1 har oppdragsgjevar vurdert at det vil vere ein klart betre klima- og miljøeffekt ved å stilla så strenge minimumskrav til ombruk eller materialgjenvinning, enn om oppdragsgjevar skulle vurdert på klima- og miljøomsyn som eit tildelingskriterium. Eit tildelingskriterium gjev rom for at lav miljøprestasjon kan kompenserast av høg skår på andre kriteria, noko som i praksis kan svekke den miljøeffekten oppdragsgivar ønsker å oppnå. Minstekrav sikrar derimot at alle tilbydarane må oppfylle krava som er stilt.

Marknaden blir vidare rekna som modent og kapabelt til å oppfylle dei stilte krava. Bruken av minstekrav framfor tildelingskriteria vurderast derfor som det mest hensiktsmessige verkemiddelet for å sikre klima- og miljømål i delkontrakt 1.

3.2 Delkontrakt 2: Transport og handsaming av trykkimpregnert trevyrke

Det vil for delkontrakt 2 bli evaluert på klima- og miljøomsyn. Sjå nærmare om dette i punkt 8.1.2.

4 Skatteattest

Oppdragsgivar krev at leverandørane leverer skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt for anskaffinga. Dette gjeld berre for norske leverandørar.

Tilsvarande krav gjeld for støttande føretak som hovudleverandøren nytter for å oppfylle eit eller fleire kvalifikasjonskrav.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfristen (sjå punkt 2.4).

5 Konfidensialitet og offentlegheit

5.1 Teieplikt

Informasjon som partane vert kjend med i samband med konkurransen og gjennomføring av kontrakt skal handsamast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå kontraktspart. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som føl av forvaltningslova, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå punkt 5.2 nedanfor.

5.2 Offentlegheit

Inntil val av leverandør er gjort kan oppdragsgivar nekte innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokoller som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13. Leverandørane skal i tilbodsskjemaet gje ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unnateke innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgivar er friteke frå teieplikt om opplysningar som ikkje er særskilt identifisert som teiepliktige i leverandøren si opplisting.

Ved eventuelle krav om innsyn vil oppdragsgivar gjennomføre ei konkret og sjølvstendig vurdering av om innsynskravet kan bli innvilga, jf. offentleglova § 29. Som ledd i vurderinga vil oppdragsgivar sjå hen til kva opplysningar leverandøren eventuelt meiner er underlagt teieplikt og grunngjevinga som leverandøren har angitt.

Oppdragsgivar er pålagt å følge prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

6 Kvalifisering

6.1 Krav til tilbydarar

For å få sitt tilbod evaluert i konkurransen må leverandørar fylle ut det europeiske eigenerklæringsskjema (ESPD). Dette gjer leverandøren ved å fylle ut ESPD-skjema elektronisk i Mercell.

Alle leverandørane må i tillegg dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samhald med dei opplyste dokumentasjonskrava som går frem nedanfor.

Leverandørane er ansvarleg for å levere all dokumentasjon som er etterspurt nedanfor som dokumentasjon for dei krav som er stilt. Manglande dokumentasjon eller mangelfulle opplysningar kan føre til at leverandøren vert avvist, jf. FOA § 24-2.

Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava i konkurransen, vert det vist til nærare krav til dokumentasjon i punkt 4 og 6.3.1.

6.2 Elektronisk eigenerklæringsskjema (ESPD)

Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD) er eit foreløpig dokumentasjonsbevis for at leverandøren oppfyller kvalifikasjonskrava og at det ikkje finnast avvisingsgrunnar.

Leverandøren skal i ESPD-skjemaet gje ein samla erklæring om at han oppfyller samtlege kvalifikasjonskrav i konkurransegrunnlaget. Dette gjerast i ESPD-skjemaets Del IV seksjon A.

Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava i konkurransen, skal det leverast separat utfylt ESPD-skjema for kvar verksemd.

I denne konkurransen gjeld alle avvisingsgrunnar i FOA § 24-2, inkludert dei reine nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgande avvisingsgrunnar i FOA § 24-2 er reine nasjonale avvisingsgrunnar som leverandørane skal svare ut i del III seksjon D:

- 24-2 (2). Her er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angjevne straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angjevne straffbare forholda er eit særnorsk krav.
- 24-2 (3) bokstav i. Avvisingsgrunna i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, mens den norske avvisingsgrunna også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandørens yrkesmessige integritet.

6.3 Kvalifikasjonskrav

6.3.1 Støtte frå andre føretak

Leverandøren kan velgje å støtte seg på andre føretak si kapasitet for å oppfylle krav til økonomisk og finansiell stilling (punkt 6.3.3) og krav til enkelte tekniske og faglege kvalifikasjonar (punkt 6.3.4). Med «andre føretak» meina ein til dømes morselskap, samarbeidspartner, underleverandør, andre føretak i same konsern og liknande.

Leverandøren må i så fall opplyse om på kva krav han ønsker å nytte seg av støttande føretaks kapasitet. I tillegg må leverandøren levere separat eigenerklæringsskjema (ESPD) utfylt av dei føretaka han vil støtte seg på. Dei støttande føretak bekreftar ved innsending av ESPD at dei aktuelle krava vert oppfylt av hovudleverandør og støttande føretak i fellesskap. Videre gjeld krav til dokumentasjon på kravet som går frem av punkt 6.3.2 (firmaattest) og skatteattest (jf. punkt 4), samt dei krav det gis støtte for oppfylling av.

Vidare må leverandøren dokumentere at han vil ha rådigheit over dei nødvendige ressursane frå dei støttande føretak i kontraktsperioden, ved til dømes å legge frem ein forpliktingserklæring (mal i vedlegg 2 - Forpliktingserklæring), garanti, samarbeidsavtale eller liknande.

Dersom tilbydar støttar seg på andre verksemder for å oppfylle kravet til økonomisk og finansiell stilling (punkt 6.3.3), er verksemda solidarisk ansvarlege for utføringa av kontrakten, jf. anskaffelsesforskriften § 16-10 (4).

Dersom leverandøren vel å støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava i konkurransen knytte til tekniske og faglege kvalifikasjonar (punkt 6.3.4),

skal den eller dei aktuelle verksemdene utføre tenestene som krev slike kvalifikasjonar; jf. FOA § 16-10 (5).

6.3.2 Krav til leverandørens registrering, autorisasjon mv.

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak.	Norske leverandørar: • Firmaattest. For norske leverandørar hentar oppdragsgivar firmaattest frå Brønnøysundregisteret. Dei norske leverandørane skal derfor ikkje levere firmaattest. Utanlandske leverandørar: • Dokumentasjon som viser at leverandøren er registrert i bransjeregister eller foretaksregister iht. lovgivinga i det land der leverandøren er etablert.

6.3.3 Krav til økonomisk og finansiell stilling

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha finansiell styrke til å kunne oppfylle delkontrakten(e) det gjevast tilbod på	Dokumentert kredittvurdering frå offentleg godkjend kredittvurderingsselskap. Kredittvurderinga skal ikkje vere eldre enn 3 månader rekna frå tilbodsfrist, og skal basere seg på siste godkjende årsrekneskap. Dersom leverandøren ikkje er kredittverdig, eller kredittgrense er under NOK 250 000, må kredittvurderinga supplerast med anna dokumentasjon. Dersom leverandøren ikkje oppfyller kvalifikasjonskravet gjennom ovanfor nemnte dokumentasjon, kan annan dokumentasjon oppdragsgivar finn eigna til å dokumentera økonomisk og finansiell kapasitet aksepterast, som til dømes morselskapsgaranti eller annan garanti/sikkerheit.

	Oppdragsgivar reservere seg retten til å innhente leverandørens årsregnskap inkludert noter med styre- og revisjonsberetning frå 2023, 2024 og 2025. Oppdragsgivar reservere seg retten til sjølv å foreta ein kredittvurdering frå offentleg godkjend kredittvurderingsselskap.

6.3.4 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

6.3.4.1 Delkontrakt 1: Rammeavtale transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha erfaring frå relevante leveransar. Med relevante referansar vert meint transport og handsaming reint og behandla trevyrke.	Ei skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag frå dei siste 3 årene. Leverandøren skal dokumentere oppfylling ved å fylle ut den vedlagte malen for referanseskildringar. Sjå vedlegg 3 – Referanseskildringar.

6.3.4.2 Delkontrakt 2: Rammeavtale transport og handsaming av trykkimpregnert trevyrke

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha erfaring frå relevante leveransar. Med relevante referansar vert meint transport og handsaming trykkimpregnert trevyrke.	Ei skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag frå dei siste 3 årene. Leverandøren skal dokumentere oppfylling ved å fylle ut den vedlagte malen for referanseskildringar. Sjå vedlegg 3 – Referanseskildringar.

6.3.5 Krav til kvalitetssikringssystem

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha eit dokumentert kvalitetssikringssystem.	Ein kort skildring av leverandørens metodar for kvalitetssikring. Dersom leverandøren er sertifisert i samhald med ISO 9001 eller tilsvarande kvalitetssikringssertifiseringar, er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat.

6.3.6 Krav til miljøleiingssystem

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha eit dokumentert miljøleiingssystem.	Ein kort skildring av leverandørens miljøsystem. Dersom leverandøren er sertifisert av eit offentleg sertifiseringsorgan (EMAS, Miljøfyrtårn, ISO 14001, eller anna anerkjent miljøleiingssystem/standard) er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat.

Etterspurde dokumentasjon som oppdragsgivar tidlegare har mottatt, trenger ikkje leverast på nytt, jf. FOA 17-1 (4).

7 Tilbodsfasen

7.1 Krav til tilbodet

7.1.1 Tilbod på heile eller delar av leveransen

Det er ikkje høve til å berre gje tilbod på delar av den enkelte delkontrakt. Det er høve til å gje tilbod på delkontrakt 1 og/eller delkontrakt 2.

7.1.2 Alternative tilbod

Det er ikkje høve til å gje alternative tilbod.

7.1.3 Parallelle tilbod

Det er ikkje høve til å gje parallelle tilbod.

7.1.4 Underleverandørar i gjennomføringa av kontrakten

Dersom leverandøren planlegg å overlate ein vesentleg del av avtalen til underleverandørar, skal det i tilbodet opplysast om namn på disse, kva oppgåver dei skal utføre samt kor stor del av kontrakten som vil bli tildelt underleverandørane. Leverandøren nytter vedlegg 4 – Underleverandørar.

Oppdragsgivar reservere seg retten til å underkjenne val av underleverandør. Eventuelle økonomiske krav frå underleverandørar eller omkostningar i samband med dette ligg til leverandøren.

Leverandøren er fullt og heilt ansvarleg for sine underleverandørar. Samtlige krav til leverandøren gjeld òg leverandøren sine underleverandørar.

7.1.5 Avvik

Ein skal angje avvik presist og eintydig slik at oppdragsgivaren kan evaluere tilbodet utan å ta kontakt med leverandøren. Avvik skal på ein klar og utvitydig måte referere til relevant vedlegg og punkt i konkurransedokumenta og skal vere oppgjeve i vedlegg 1 – Tilbodsskjema.

Leverandøren skal tydeleg angi kva konsekvensar eventuelle avvik har for ytinga, prisen og/eller andre forhold ved tilbodet.

Oppdragsgjevar gjer merksam på at eventuelle avvik frå konkurransedokumenta kan gje oppdragsgjevar ein rett og/eller ei plikt til å avvise tilbodet frå konkurransen. Ved å levere inn tilbod som avvik frå konkurransedokumenta, risikerer dermed leverandøren at tilbodet vert avvist frå konkurransen.

Om årsaka til at leverandøren vurderer å ta inn eit avvik i tilbodet er tvitydige punkt i konkurransedokumenta eller liknande, anbefaler oppdragsgivar at leverandøren prøver å avklare dei usikre punkta gjennom spørsmål/svar-funksjonen i Mercell i forkant av innlevert tilbod i staden for å levere eit tilbod med avvik.

7.2 Tilbodet si utforming

Komplett tilbod skal innehalde følgande:

- Utfylt tilbodsskjema (vedlegg 1)
- Skatteattest, ref. punkt 4
- Elektronisk utfylt eigenerklæringsskjema (ESPD), ref. punkt 6.2
- Eventuell forpliktingserklæring dersom leverandøren støttar seg på andre føretak for oppfylling av kvalifikasjonskrava (vedlegg 2). *Obs! Se punkt 6.3.1 for nærmare informasjon om dokumentasjonskrav ved støtte frå andre føretak.*
- Dokumentasjon av kvalifikasjonskrav, ref. punkt 6.3.2 til 6.3.6
- Dokumentasjon av tildelingskriteria, ref. punkt 8.1

7.3 Leveringsmåte

Tilbod skal leverast i elektronisk format via Mercell før utløp av tilbodsfristen.

Mercell stenges for innlevering nøyaktig ved tilbodsfristens utløp. Vi anbefaler derfor leverandøren å starte med innlasting av tilbodsdokument i god tid, for å unngå tekniske problema. Innlasta tilbod kan tilpassast og leverast på nytt helt frem til tilbodsfristens utløp. Det siste leverte tilbodet bli regna som det endelege.

Tilbod som ikkje er levert gjennom Mercell innan fristen vil bli avvist.

7.4 Tilbakekalling av tilbod

Eit tilbod kan kallast tilbake eller tilpassast inntil tilbodsfristens utløp (sjå punkt 2.4). Tilbakekalling skjer elektronisk gjennom Mercell. Endring av tilbodet er å betrakte som eit nytt tilbod.

7.5 Vedståingsfrist

Leverandøren er bunden av sitt tilbod til det tidspunktet (vedståingsfristen) som er angitt i punkt 2.4.

7.6 Avvising

Avvisingsreglane i FOA kap. 24 kjem til bruk. Vi oppmodar leverandørane om å gjere seg kjent med disse.

Oppdragsgivar reservere seg retten til å annullere tildelingsavgjerda før signering av kontrakt dersom oppdragsgivar vert kjent med forhold som gir rett eller plikt til å avvise valt leverandør.

8 Avgjerd av konkurransen

8.1 Tildelingskriteria

8.1.1 Delkontrakt 1: Rammeavtale transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall

Kontrakten vert tildelt den leverandøren som har levert tilbodet med den lågaste prisen.

TILDELINGSKRITERIUM	DOKUMENTASJON	VEKT %
Pris: Tildelingskriteriet «pris» evaluerast med utgangspunkt i samla pris for transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall.	**Leverandøren skal levere følgande:** Utfylt bilag 3 vedlegg 1 delkontrakt 1 – Prisskjema. Prisar skal vere oppgitt i NOK og eks. mva.	100 %

8.1.2 Delkontrakt 2: Rammeavtale transport og handsaming av trykkimpregnert trevyrke

Kontrakten vert tildelt den leverandøren som har levert tilbodet med det beste forholdet mellom pris og kvalitet.

TILDELINGSKRITERIUM	DOKUMENTASJON	VEKT %

Pris: Tildelingskriteriet «pris» evaluerast med utgangspunkt i samla pris for transport og handsaming av trykkimpregnert trevyrke.	**Leverandøren skal levere følgande:** Utfylt bilag 3 vedlegg 1 delkontrakt 2 – Prisskjema. Prisar skal vere oppgitt i NOK og eks. mva.	70 %

Klima- og miljøomsyn:
 	
Under tildelingskriteriet «klima- og miljøomsyn» vil oppdragsgivar evaluere følgande:
 	
- Gjennomsnittleg R1-verdi for mottaksanlegget over det siste året, der høgare verdi gjev betre utteljing (vekta 70 %)
- Avstand til mottaksanlegg frå oppdragsgjevars adresse og kva type drivstoff som er nytta. Evalueringa vil skje på fylgjande vis:
  o Avstand i km frå oppdragsgjevar til mottaksanlegg (vekta 10 %)
  o Leverandør bes skildra køyretøya som skal nyttast ved transport, til dømes om det er nullutsleppskøyretøy. Dei forskjellige køyretøya vil evaluerast slik: Elektrisk = 10 poeng, hydrogen = 9.5 poeng, biogass = 8.5 poeng og alt anna = 0 poeng. Om det nyttast tog/båt vil andelen av strekninga der denne transportmetoden vert nytta skåre 10 poeng, og resten av transporten vil skåre etter skildring over. Inga skildring gjev 0 poeng (vekta 20 %)
	Leverandøren skal levere følgande:
	
	Bilag 2 – Leverandørens løysingsskildring – delkontrakt 2, punkt 3.
		30 %

8.2 Evaluering

8.2.1 Delkontrakt 1: Rammeavtale transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke og hageavfall

Alle innkomne og godkjente tilbod vil bli evaluert.

For delkontrakt 1 vert det nytta ein hybridmodell som poengset pris. Lågast pris gis skår 6 ved berekning av skår på tildelingskriteriet. Den lågaste prisen i konkurransen vil vere referansepunkt for dei andre tilboda. Hybridmodellen er lineær fram til eit gitt knekkpunkt (75 % høgare pris enn lågaste tilbodet), deretter går ho over til å vere forholdsmessig.

8.2.2 Delkontrakt 2: Rammeavtale transport og handsaming av trykkimpregnert

Alle innkomne og godkjente tilbod vil bli evaluert.

For delkontrakt 2 vert det nytta ein hybridmodell som poengset pris/kostnad og kvalitet. Den som får høgast totalpoeng, vinn konkurransen.

Den lågaste prisen i konkurransen vil vere referansepunkt for dei andre tilboda. Lågaste pris gis skår 10. Hybridmodellen er lineær fram til eit gitt knekkpunkt (75 % høgare pris enn lågaste tilbodet), deretter går ho over til å vere forholdsmessig.

På dei kvalitative kriteria vil det bli gitt en poengscore frå 0-10 der 0 svarer til ikkje svart ut, og 10 vert gitt til svært gode svar.

9 Avslutning av konkurransen

9.1 Melding om val av leverandør og karensperiode

Oppdragsgivar informerer alle leverandørar skriftleg og samtidig om kven oppdragsgivar har til hensikt å tildele kontraktane til så snart val av leverandør(ar) er gjort.

Meldinga vil innehalde ein grunngiving for valet og angi karensperioden frå tildelinga gjerast kjent til kontraktsignering er planlagt gjennomført (kontraktsinngåing).

Dersom oppdragsgivaren finner at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan avgjerda annullerast frem til kontrakt er inngått.

9.2 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgivar reservere seg retten til å avlyse konkurransen dersom det føreligger sakleg grunn, jf. FOA § 25-4.